

**Betre samordning av tiltaka trengs i Uskedalen**

07.08.2014

**Under det fyrste møtet i Uskedal utvikling i haust er målet ei evaluering og særleg at dei ser på ein betre samordning av dagens tiltak. Tema i dette møtet som vert halde 3. september klokka 19 er det vidare arbeid med arealstrategi for sentrum og oppsummering av sommarsesongen.**

Til dette møtet vert vert invitert alle som har interesse for profilering og friluftsliv, lag/organisasjonar, arrangørar og næring knytta til servering, turisme, camping og båttrafikk.

Den fyrste onsdagen i månaden er fast møtedag i UU og vidare i haust er møtene fastsett til 1. oktober, 5. november, og 3. desember.

Alle møter startar klokka 19 men styret og arbeidsgruppene har møter ein time før det opne møtet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen